



Sakshandsamar:

Emma Bjørnsen
E-post: emma.bjornsen@sfj.no
Tlf: 958 19 841

Vår ref.

Sak nr.: 12/4671-6
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

31678/12

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 14.09.2012

Det Kongelige Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

Høyringsuttale frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til forslag til ny regulering av marknadsføring retta mot barn og unge av usunn mat og drikke

Helse og omsorgsdepartementet sendte den 7. juni 2012 framlegg til ny regulering av marknadsføring retta mot barn og unge av usunn mat og drikke på høyring. Høyringsfristen var sett til 7. september, men er no utvida til 21. september 2012.

I møte den 27. august 2012 i sak 100/12, handsama fylkesutvalet i Sogn og Fjordane saka. Det vart gjort fylgjande vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er opptatt av å ha høgt fokus på folkehelse. Grunnlaget for gode matvanar vert lagt i barne og ungdomsåra.
2. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane er positiv til ei forskrift som har som mål å førebygge kosthaldsrelaterte sjukdomar i befolkninga og sluttar seg til framlegget til ny regulering av marknadsføring retta mot barn og unge av usunn mat og drikke.
3. Strukturelle endringar, kunnskapsformidling og haldningsendringar er døme på tiltak og ambisjonar som bør nyttast i arbeidet for å motverke overvekt i befolkninga og sosiale skilnader i helse.

Vedlagt vert sendt saksutgreiing og saksprotokoll.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff /s/
Fylkesdirektør

Emma Bjørnsen
fagkoordinator folkehelse

Elektronisk signatur

